

SAMLA SAKSFRAKMSTILLING

Arkivsak: 14/1093-20541/14

Saksbeh.: Gunnhild Utkvitne

Arkivkode: 130 C5

Saksnr.:	Utval	Møtedato
31/14	Utval for miljø og kultur	04.09.2014

SAMLA SAK - REGIONAL KULTURPLAN - HØYRINGSSVAR

Administrasjonen si innstilling:

Utarbeida høyringssvar til *PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025*, vert sendt som Voss kommune sitt høyringsvar innan fristen 20. september 2014.

Utval for miljø og kultur den 04.09.2014 sak 31/14

Behandling i møte:

Rep- Arne Mossefinn kom med fylgjande framlegg: «Voss kommune samstemmer i at dei idè og livssynsbaserte organisasjonane er viktige for å oppretthalda demokratiet slik vi kjenner og ynskjer det. Dette er stader for meiningsbrytning, opplæring i tale- og debattteknikk, politisk aktivitet, nytenkning og idèskapning. Voss kommune ynskjer at dette satsingsområdet vert ytterlegare konkretisert med tiltak i handlingsplanen. «

Framlegget skal takast med under «generelle merknader»

Rep. Arne Mossefinn kom med forslag til endring av setninga «Voss kommune støttar opp om dette» under kapittel om satsing på born og unge til «Voss kommune er samd i denne uttalen».

Med endringsforsлага til Mossefinn innarbeida vart administrasjonen sitt forslag til høyringssvar einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Med MKU sine merknader innarbeida, vert administrasjonen sitt høyringssvar til *PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025*, sendt som Voss kommune sitt høyringsvar innan fristen 26. september 2014.

Administrasjonen si utgreiing:

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med * ligg ved.

*Høyringsbrev datert 20. juni 2014

3. SAMANDRAG AV SAKA:

PREMISS: KULTUR, Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, har status som regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1. Planen omfattar heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også verksemder som ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Planen skal vera eit samordnande styringsdokument for verksemda til regionale organ og for kommunal statleg planlegging i regionen.

Visjonen for Regional kulturplan er å vidareutvikla Hordaland som ein leiande europeisk kulturregion. Dette er uttrykk for ein ambisjon om å vera grenseoverskridende og nyskapande med risikovilje og å ta vare på og utvikla verdiar. Visjonen føreset auka statlege, regionale og kommunale ressursar samt samordning av ressursar på tvers av sjangrar, verksemder og forvaltningsnivå utan at dette vert konkretisert i særleg grad.

Fylkeskommunen ber høyringspartane vera særleg merksam på ma. visjon og målsetjingar, prioritering av innsatsområde og tiltak og planen som verktøy for samhandling mellom forvaltningsnivåa.

Administrasjonen sitt forslag til høyringsvar er skreve med utgangspunkt i Voss kommune sin visjon om å vera ei «*bygd for sterke opplevingar*» og soleis både tufta på dei kvalitetar kultubygda vår har samstundes som det langsiktige visjonære vert vareteke.

4. FAKTA OM SAKA:

Høyringsuttale frå Voss kommune

Innleiing

Voss er ei bygd med lange og sterke tradisjonar innan kulturområdet og husar to kulturakademi, idrettsgymnas samt eit rikt og mangfaldiglagsliv med aktive og dyktige ildsjeler. Alt dette bidreg til å setja Voss på kartet som kulturygd. Ein regional plan med ambisjonar om å verta leiande i Europa gjennom å satsa på det fylket vårt har av sterke føremoner og ekstraordinære kvalitetar allereie vil også støtta opp om vår kommune sin visjon om å verta ei “*bygd for sterke opplevingar*”.

Voss kommune er positive til ein regional kulturplan for Hordaland. Regional kulturplan legg til grunn at kultur har sin klare eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor innan alle samfunnsområde samt at kulturpolitikken skal fremja demokrati og ytringsfridom. Dette ber preg av at kulturlivet er teke på alvor.

Voss kommune samstemmer i regionalplanen sine målsetjingar og fokus på at Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle. Me er òg av ei slik oppfatting at kultur er eit mål i seg sjølv og ikkje berre eit verkemiddel for å nå andre politikkområde. I dette ligg eit sterkare fokus på livskvalitet og eigenverdi der rammevilkåra har kvaliteter som sikrar alle høve til meiningsfull eigenaktivitet og gode opplevingar i tråd med dei intensjonane kulturlova tuftast på. Når kulturlivet fungerar i seg sjølv vil det også vera eit godt

verkemiddel for betring av folkehelsa, for styrking av kulturnæringerane, for stadsutvikling med meir.

Generelle meknader

Voss kommune saknar generelt sett ein betre samanheng mellom plan og handlingsprogram, at prioriteringane mellom dei mange mål og tiltaka vert klarare, at måla vert «SMART'are¹» og at vurderingar knytt til budsjett og budsjettbruk vert synleggjort og vurdert.

Voss kommune har sett kultur på politisk og administrativ saksliste. Faste forum for dialog med kulturlivet, friviljuge lag og organisasjonar, næringsliv og idrettsliv er etablert. Likevel er me av ei slik oppfatting at ei styrking og sikring av den kulturelle grunnmuren vil gje eit lokalt kulturløft hjå oss. Voss kommune ynskjer òg at samarbeid mellom lokal, regionalt og statleg forvaltningsnivå vert styrka og samordna slik det vert skildra i planen.

Satsinga på born og unge

Det er gledeleg at born og unge skal ha ei særleg merksemd innan alle målområda og vera eit gjennomgåande tema i planen. Men, då born og unge ikkje har fått sitt eige innsatsområde i planen, vert dverre satsinga på nettopp denne viktige gruppa mindre synleg og, i verste fall, mindre prioritert i implementeringsfasen.

Den store kulturundersøkinga i Hordaland, gjennomført som del av bakgrunnsarbeidet med planen, påpeikar at kulturskulane lyt styrkast, målgruppa ungdom prioriterast og at innvandrargrupper framleis står for mykje på sidelinja av kulturlivet. Voss kommune støttar opp om dette. Samstundes ser me at både kulturskule, fritidsklubbar og den friviljuge kulturaktiviteten i kommunane i

liten grad har fått del i midla frå kulturløftet 1 og 2. Voss kommune meiner at det lyt setjast av eigne midlar til realisering av eit lokalt kulturløft og initiera stimuleringstiltak som styrkar den kulturelle grunnmuren generelt og kulturskule, fritidsklubbar og friviljug kulturaktivitet i kommunane spesielt. For kulturskulen vil det dessutan vera viktig at fylkeskommunen stadig er sitt ansvar bevisst kva gjeld ordninga med distriktsmusikarar for å oppretthalda kvalitet i undervisninga.

Kulturarena Voss kulturhus

Voss kommune opna sitt nye kulturhus i januar 2011. Eit kulturhus som i tillegg til å husa kommunale institusjonar som bibliotek, vaksenopplæring og kino skal vera ein kulturarena for så vel amatørkultur som det profesjonelle kunst- og kulturliv. Det er soleis gledeleg at handlingsplanen har tiltak i som fokuserar på meir effektiv og betre utnytting av kulturhus. Voss kommune støttar òg det at fylkesbiblioteket vert styrka som fagleg utviklingsarena og at dei regionale biblioteksamarbeida må styrkjast. I planen vert det vidare sagt at ein skal etablere regionale «litteraturhus». Voss bibliotek bør kunna bli eit slikt regionalt «litteraturhus».

Verdsarva

¹ At mål er SMARTE inneber at dei er: Specific, Measurable, Achievable, Relevant, Time-bound

Vestnorsk fjordlandskap vart i 2005 innskrive på UNESCOs verdsarvliste. I grunngjevinga for innskrivinga uttalte komiteen: «*Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda..»*

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden og har fleire gonger vorte kåra til verdas vakraste reisemål. Ei samla og fokusert satsing på verdsarvsområda vil soleis kunna setja Hordaland på kartet i verdssamanheng, ikkje berre i Europeisk målestokk. Samstundes vil ei slik satsing på verdsarva innebera tett kopling mellom kulturarv og reiseliv og anna næringsutvikling i fylket.

Voss er stolte av å vera del av verdsarva «Vestnorsk fjordlandskap» og at planen lyfter fram verdsarva med eiga målsetjing om at forvaltninga av verdsarva i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring. Fokus i omtalen av verdsarv og handlingsprogrammet er trass målsetjinga på Bryggen i Bergen, medan Vestnorsk Fjordlandskap ikkje er nevnt under tiltak i det heile.

Voss kommune meiner at Hordaland fylkeskommune generelt bør utvida sitt fokus når det gjeld verdsarv og etter kvart i mykje større grad inkludere og lyfte fram satsingar og tiltak i og kring Verdsarva Vestnorsk fjordlandskap. Fylkeskommunen i Møre og Romsdal har hatt eit heilt anna engasjement (politisk, administrativt og økonomisk) til Vestnorsk Fjordlandskap enn det Hordaland fylkeskommune har hatt, noko som bør endrast i planperioden 2015 – 2025. I denne samanheng vil det vera rett å syne til det pågåande arbeidet med ein felles restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden, samt at det ville vera naturleg at fylkeskommunen engasjerer seg i eit samarbeid med Voss kommune for å utvikle friluftsliv- /reiselivstilbod i Stalheimsområdet som er Hordaland sin innfallsport til verdsarvområdet.

Idrettsbygda Voss

Som idretts- og gullmedaljebygd ser Voss kommune klart at verdien av det frivilljuge arbeidet i idretten er stort. For at alle skal få eit variert aktivitetstilbod i idretten er det viktig å få til gode samarbeid mellom idrettslag, idrettskrets, kommunar og fylkeskommune. Dersom alle kan bidra med sin kompetanse er det lettare å få gjennomført dette. Samstundes er det viktig at alle får tilbod tilpassa sine ynskjer. At lovande utøvarar får utvikla seg i nærmiljøet er viktig. I så måte er idrettslinja ved Voss gymnas med tilbod på topp- og breddeidrett eit godt tilbod.

I høve store nasjonale og internasjonale meisterskap har det på Voss dei seinare åra vore store nasjonale og internasjonale arrangement som VM i freestyle, NM i langrenn og skiskyting og Landsskyttarstemnet. Samstundes har årlege arrangement som Ekstremsportveko og Voss Cup opparbeida seg ein status over fleire år. Alle desse arrangementa er viktige då dei bidreg til å skapa idrettsglede og gjev helsemessig effekt. Spelemiddel har vore viktige økonomiske verkemiddel bak realisering av fleire av dei store idrettsarrangementa me har hatt på Voss og det er svært viktig at utvikling av anlegg går føre seg utanfor Bergen også. Voss kommune tykkjer difor at målsetjing knytt til at 40% av spelemidla skal gå til sentrale anlegg i Bergen bør vurderast i planperioden.